

**Utval:** Samferdselsutvalet  
**Møtestad:** 367, 3. etg., Fylkeshuset  
**Dato:** 04.06.2014  
**Tidspunkt:** 11:00-15.00

**Følgjande faste medlemmer møtte:**

Navn	Funksjon	Representerer
Atle Kvåle	Medlem	A
Anne-Line Innvær til 12.05	Medlem	A
Helge Nævdal	Medlem	A
Øyvind Hardeland	Medlem	A
Gustav Bahus	Leiar	FRP
Inger Signe Ulvund	Medlem	FRP
Einar Lutro	Medlem	H
Eli Årdal Berland	Medlem	H
Stein Inge Ryssdal	Medlem	H
Silja Ekeland Bjørkly	Medlem	H
Pål Kårbø	Medlem	KRF
Jostein Ljones	Medlem	FL SP/MDG
Tom Skauge	Medlem	FL SV/R

**Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:**

Navn	Funksjon	Representerer
Iril Schau Johansen	Medlem	H
Alf Helge Greaker	Nestleiar	V

**Følgjande varamedlemmer møtte:**

Navn	Møtte for	Representerer
Wenche Tislevoll	Iril Schau Johansen	H
Tore Turøy	Alf Helge Greaker	V

**Merknader**

---

**Frå administrasjonen møtte:**

Navn	Stilling
Håkon Rasmussen	Fylkesdirektør samferdsel
Rolf Rosenlund	Seksjonsleiar
Thorbjørn Aarethun	Seksjonsleiar
John Martin Jacobsen	Seksjonsleiar
Olav Finne	Statens vegvesen
Kaisa Banne	Statens vegvesen
Oddmund Sylta	Direktør Skyss

**Sakliste**

<b>Utvale-saknr</b>	<b>Innhald</b>	<b>Arkiv-saknr</b>	<b>U.Off.</b>
PS 62/14	Godkjenning av innkalling og saksliste		
PS 63/14	Godkjenning av møtebok forrige møte		
PS 64/14	Referatsaker (Meldingar)		
RS 58/14	Melding - Reisevaneundersøking for Bergensområdet 2013	2014/64	
RS 59/14	Feilmeldingsteneste for fylkesvegar og system for at lokalkunnskap om flomfare og andre risiki for ulykker kan bli meldt til vegstyremaktene	2014/13073	
RS 60/14	Kollektivtransport i distriktene - tildeling for 2014	2014/43	
RS 61/14	Utredninger og analyser til ny transportplan	2014/14900	
RS 62/14	Indikatorar for heilskaplege bymiljøavtaler - svar på oversending	2014/54	
RS 63/14	Belønningsordninga - Bergen - Svar på rapportering av resultat frå 2013	2014/10571	
RS 64/14	Handlingsprogrammet 2014 - 2017(23) frå Statens vegvesen - endeleg versjon	2014/16371	
RS 65/14	Utslepp av NOx ved Bergen hamn - Svar på spørsmål frå Arild Borgen	2014/16418	
RS 66/14	Disponering av midlar sett av til innfartsparkering	2014/15627	
PS 65/14	Utarbeiding av moglegheitsstudium for fylkesvegsamband med tilknyting til E39 Aksdal-Os	2014/15115	
PS 66/14	Prosjektet - Spontan samkjøring - og etablering av ein offentleg samkjøringsplattform	2014/1340	
PS 67/14	Rutebanken - felles forvaltning av rutedata og elektronisk billettering.	2014/16739	
PS 68/14	Ymse		

## **PS 62/14 Godkjenning av innkalling og saksliste**

### **Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 04.06.2014**

**Anne-Line Innvær** opplyst om at RS58 ikkje kunne opnast i Dop Box.

#### **Vedtak**

Innkalling og sakliste vart godkjent.

## **PS 63/14 Godkjenning av møtebok forrige møte**

### **Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 04.06.2014**

Tom Skauge ba om at svar frå SVV på spørsmål frå SV i forrige møte om å få tilgong til analyse frå SINTEF om CO2 utslepp vert lagt fram som melding til neste møte i utvalet.

#### **Vedtak**

Møteboka frå møte den 13. mai 2014 vart godkjent.

## **PS 64/14 Referatsaker (Meldingar)**

### **Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 04.06.2014**

Kommentarar til meldingane.

RS 59/14 Protokollmerknad frå **Tom Skauge** som **Pål Kårbo** slutta seg til.

SV og KRF ber vegstyremaktene på nytt sjå på BT sin plattform for å melde inn potensiale for trafikkuhell. Nulltoleranse for trafikkuhell er eit viktig ansvar både for politiske og administrative ledd i folkestyret.

RS 62 Protokollmerknad frå **Tom Skauge**.

Partiet SV ber administrasjonen orientere SAMU når framlegg til nye indikatorer er klar frå Statens vegvesen

RS 64 Protokollmerknad frå **Tom Skauge**

Ber om at dette blir lagt fram som sak i SAMU. SV beklagar at det ikkje er prioritert midlar til kollektivfelt Straume – Knarrevik eller til haldeplassar på Rv 555. 5,8 mill.kr. til kollektivfelt Olsvik –Storavatnet er lagt inn i 2015, mot 2014 i høyningsframlegget.

**RS 58/14 Melding - Reisevaneundersøking for Bergensområdet 2013**

**RS 59/14 Feilmeldingsteneste for fylkesvegar og system for at lokalkunnskap om flomfare og andre risiki for ulykker kan bli meldt til vegstyresmaktene**

**RS 60/14 Kollektivtransport i distriktene - tildeling for 2014**

**RS 61/14 Utredninger og analyser til ny transportplan**

**RS 62/14 Indikatorar for heilskaplege bymiljøavtaler - svar på oversending**

**RS 63/14 Belønningsordninga - Bergen - Svar på rapportering av resultat frå 2013**

**RS 64/14 Handlingsprogrammet 2014 - 2017(23) frå Statens vegvesen - endeleg versjon**

**RS 65/14 Utslepp av NOx ved Bergen hamn - Svar på spørsmål frå Arild Borgen**

**RS 66/14 Disponering av midlar sett av til innfartsparkering**

## **PS 65/14 Utarbeiding av mogleheitsstudium for fylkesvegsamband med tilknyting til E39 Aksdal-Os**

### **Forslag til innstilling**

Fylkesutvalet ber om at det blir sett i gang arbeid med eit mulegheitsstudium for tversamband til E39 for strekninga Os-fylkesgrensa mot Rogaland. Denne skal ta føre seg tekniske, økonomiske og miljømessige aspekt ved nye samband og mulege arealbrukskonfliktar. Den skal særleg fokusere på det overordna fylkesvegnettet som blir tversamband til ny E39, men òg vurdere konsekvensar for kollektivtilbodet, samt konsekvensar for det øvrige fylkesvegnettet av mulege nærings- og bustadutbygging i området.

### **Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 04.06.2014**

**Tom Skauge** sette fram forslag til utsetjing.

Fylkesutvalet meiner det er for tidleg å starte ein moglegheitsstudium for fylkesvegsamband med tilknyting til E39 Aksdal-Os. Fylkesutvalet ønskjer først betre avgjerdsgrunnlag:

- a) Kunnskap om CO<sub>2</sub> utslepp frå produksjon og drift av vegen
- b) Regjeringa sitt forslag til planprogram

### **Røysting**

Tom Skauge sitt forslag til utsetjing fekk 1 røyst og fall.

**Tom Skauge** sette fram forslag om tilleggspkt.

Mogeleghetsstudien skal:

- a) Vurdera CO<sub>2</sub> utslepp for alle alternativ.
- b) Vilkår for kollektivtilbodet for alle alternativ.
- c) Effekten for trafikken i Bergensdalen.

**Pål Kårbø** sette på vegne av KRF, SV, SP, A fram forslag til nytt pkt i innstillinga.

Mogeleghetsstudien bør geografisk strekkjast til Bergen for også å kunna vurdera «påkopling» frå indre Hordaland.

### **Røysting**

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

Pål Kårbø sitt forslag til tilleggspkt fekk 6 røyster (A, SP, SV, KRF) og fall.

Tom Skauge sitt forslag til nye pkt fekk 1 røyst og fall.

### **Innstilling**

Fylkesutvalet ber om at det blir sett i gang arbeid med eit mulegheitsstudium for tversamband til E39 for strekninga Os-fylkesgrensa mot Rogaland. Denne skal ta føre seg tekniske, økonomiske og miljømessige aspekt ved nye samband og mulege arealbrukskonfliktar. Den skal særleg fokusere på det overordna fylkesvegnettet som blir tversamband til ny E39, men òg vurdere konsekvensar for kollektivtilbodet, samt konsekvensar for det øvrige fylkesvegnettet av mulege nærings- og bustadutbygging i området.

## **PS 66/14 Prosjektet - Spontan samkøyring - og etablering av ein offentleg samkøyringsplattform**

### **Forslag til innstilling**

Fylkesutvalet vedtek å støtte ein vidareføring av prosjektet «Spontan samkøyring» med 1,5 mill kr. Dekning for utgiftene vert å kome attende til i 2015-budsjettet.

### **Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 04.06.2014**

#### **Røysting**

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

#### **Innstilling**

Fylkesutvalet vedtek å støtte ein vidareføring av prosjektet «Spontan samkøyring» med 1,5 mill kr. Dekning for utgiftene vert å kome attende til i 2015-budsjettet.

## **PS 67/14 Rutebanken - felles forvaltning av rutedata og elektronisk billettering.**

### **Forslag til innstilling**

1. Fylkesutvalet godkjenner at fylkeskommunen går inn i selskapet Interoperabilitetstjenester AS
2. Finansiering av aksjekapital og driftskostnader vert dekka innafor samferdselsbudsjettet.

### **Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 04.06.2014**

#### **Røysting**

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

#### **Innstilling**

1. Fylkesutvalet godkjenner at fylkeskommunen går inn i selskapet Interoperabilitetstjenester AS
2. Finansiering av aksjekapital og driftskostnader vert dekka innafor samferdselsbudsjettet.

## **PS 68/14 Ymse**

### **Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 04.06.2014**

#### **Nytt frå Skyss v/Oddmund Sylta**

Fylgjande tema vart teke opp.

Kontraktsforholdet til BNR (Unnateke offentleggjering).

Prosessens fram til, og bakgrunnen for endring av namn på billett- og kortprodukt.

#### **Reisevaneundersøking for Bergensområdet.**

Håkon Rasmussen orienterte om resultata frå undersøkinga.

### **Ulukkesanalyserapportane**

Som oppfølging av spørsmål frå Tom Skauge på sist møte i utvalet orienterte Olav Finne om arbeidet til ulukkesanalysegruppene (UAG) i SVV og bakrunnen for at ulukkesanalyserapportane ikkje er offentleggjorte.

SD har bedt Vegdirektoratet om å finna ei form på rapportane som gjer at dei kan offentleggjera.

Ei av ulukkene som det er rapportert om er frå Hordaland. Det er gjort førebyggjande tiltak på denne lokaliteten.

Det er mange lokalitetar i Hordaland som har manglar i forhold til dagens krav til tryggleik. Det pågår eit kontinuerleg arbeid for å sikra dei mest utsette punkta.

### **Atle Kvåle stilte fylgjande spørsmål**

Ved dei to siste rulleringane av Trafikksikringsplanen i Bergen kommune har Garnesvegen blitt utelatt med grunngjeving av at Statens Vegvesen ynskjer å sjå på heilskapen rundt denne vegen. Dette er ikkje blitt fylgt opp.

FAU ved Garnes barne - og ungdomsskule uttrykkjer frustrasjon rundt dette. FAU har ved fleire høve vist til farlege punkt på denne strekninga.

Når kan ein forventa at denne saka bli sett på dagsorden og når kan ein forventa at noko skjer her?

### **Tom Skauge stilte fylgjande spørsmål**

#### **1. Tunnelutbetring i Bergsdalen**

I april fekk Bergsdalstunet pris for beste historiske festmeny frå Hordaland. Konkurransen med å lage ein historisk festmeny frå Hordaland til grunnlovsjubileet gjekk av stabelen på Norsk Sjømatsenter 22. april. Bergsdalstunet er eit døme på djerv entreprenørskap i distrikta.

Eit hinder for å få gjester og anna transport til Bergsdalen er den därlege vegen FV 314.

Tunnelen i Storafjellet mellom Dale og Storefossen er no eit hinder for moderne turistbussar for å vise fram Bergsdalen som eit unikt stykke Vestlandsnatur. Det er og eit hinder for andre større kjøretøy. Nortura har no berre ein bil som kan køyre i Bergsdalen.

Det er to sett argumenter for å utbetre svake punkt på hele vegen (og kanskje opp gradere den igjen).

- a. Akuttbehovet for omkjøringsvegar ved ras og andre uhell på E16 som stengjer vegen. Dette behovet har auka med auka trafikk kombinert med auka timetal med stengd veg.
- b. Lokalt samfunns, arbeids- og næringsliv har vanskar med å få frem moderne kjøretøy – både buss og godsbil.
  - Vil fylkesrådmannen be Statens vegvesen greie ut korleis tunnelen kan utbetrast, og med kva kostnad ein kan få ei høgd som er tilpassa moderne trafikk?

#### **2. Kunnskap om kostnad av kø for busstrafikken**

Det nye systemet for sanntid for buss samlar inn nye data om fart og forseinkingar for bussrutene.

- Kan fylkesrådmannen legge fram sak om korleis dei nye data kan nyttast til å rekna på forseinkingar og ekstra utgifter for kollektivtrafikken som står i kø.

#### **3. Nytt togmateriell på lokalstrekninga Bergen-Myrdal**

NSB har hatt planar om nytt vognmateriell på Vossebanen.

- Kan fylkesrådmannen be NSB gje status for arbeidet med å få nytt togmateriell?

**Silja Ekeland** peika på at mange spørsmål frå utvalet framleis står utan svar sjølv om fristen for å gje svar er passert. Ba om at dette vert fylgt opp.

**Einar Lutro** viste til forslag ny skiltplanen for Hardanger og Voss. Hardangerbrua AS får ikkje skiltplanen til uttale. Forslaget til skiltplan er ikkje gunstig for Hardangerbrua. Forslaget går ut på at kostnadane ved å setja opp nye skilt vert belasta bompengeselskapet. Lutro stilte spørsmål om det er rimeleg at det er slik.

Olav Finne opplyste om at regelverket er slik at visningsskilt som må endrast pga nye bompengeprosjekt vert belasta bompengeselskapet.

**Einar Lutro** synte til at det er sett i gong ein statleg KVU-prosess for Rv7 over Hardangervidda og overordna utgreiing av aust-vest samband i samband med neste NTP, og stilte spørsmål om kva rolle fylkeskommunen har i dette arbeidet.

Gustav Bahus opplyste at han skal representera HFK på eit informasjonsmøte den 5. juni. Det er og kalla inn til informasjonsmøte den 11. juni. Deltaking frå politisk hald vert handsama i valnemnda.

**Eli Berland** stilte fylgjande spørsmål.

Prosjektet Arefjord-Storskaret vart teke ut av budsjettet for 2014 med den grunngjeving av prosjektet ikkje var kome langt nok i planleggjeringa for oppstart i 2014.

Kva er det som manglar?

Kor lang tid tek det før ein er ferdig?

Kva med utlegging på anbod for byggjing?

Administrasjonen kjem attende med skriftleg svar.

**Pål Kårbø** stilte spørsmål om kva som er vegen vidare etter bystyrevedtak i juni 2014.

Håkon Rasmussen opplyste at dette vil bli vurdert når bystyret har gjort sitt vedtak 17. juni. Fylkeskommunen vil få eventuelle tilleggsutgreiinger og planforslag til uttale på vanleg måte. Finansiering av prosjektet utover bompengar vil skje gjennom bymiljøavtalane.

**Jostein Ljones** synte til at det sør/vestlege endepunktet for den nye tunnelen i Haukanesberget er uheldig utforma m.o.t. trafikktryggleik. Det står att ein strekning på omlag 70 m som ein bør gjera noko med før prosjektet vert avslutta.

Olav Finne opplyste at ein vil sjå kva ein kan gjera innafor prosjektet sine råmer.

**Gustav Bahus** stilte fylgjande spørsmål.

Hegglandsdalsvegen. Når står reasfaltering på programmet.

Lælingeordninga. Ber om at Skyss legg inn krav til at ein skal nyttar lærlingar i dei nye anbodsavtalane.

Møteplanane for politiske utval. Det har i fleire høve synt seg at det er dåleg koordinering av møteplanane for politiske møte, både lokalt og sentralt. Det er m.a kalla inn til informasjonsmøte om planprosessen for aust-vest samband samstundes med at det er fylkesting i fire involverte fylkeskommunar.

Skiltplanarbeidet. Ber om at utvalet får ei orientering om arbeidet med skiltplanar.

Bystasjonen. Benkene på bystasjonen er utsett frå dueskit. Ber om at driftsansvarlege for bystasjonen ser på om det er mogeleg å gjera noko med dette. På andre delar av bystasjonen er det montert «duehindringar». Dette bør vurderast også i dei områda som benkene står.